




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Arkeologisk rapport 2025

Reguleringsplan Straumen tettstad

Øygarden gnr. 19 og Straumen gnr. 20 i Smøla kommune

Signe Marie Midtgård



Innholdsliste

Forord	5
1. Samandrag	7
2. Bakgrunn	8
2.1 Tiltaket	8
2.2 Tidlegare funn frå nærområdet	11
3. Området	13
4. Strategi og metode	16
4.1 Visuell overflaterregistrering	16
4.2 Maskinell sjaking	16
4.3 Manuell prøvestikking	16
5. Undersøkinga	18
5.1 Synlege strukturar	29
5.2 Sjakter	31
5.3 Prøvestikk	35
5.4 Dokumentasjon	39
6. Resultat og konklusjon	40
7. Litteraturliste	41
8. Vedlegg	42

Figurliste

Figur 1. Kronologiske periodar.....	6
Figur 2. Plankart.....	8
Figur 3. Kart over ny plangrense (raud stipla linje), med vedtatt kommuneplan og reguleringsplanar som bakgrunn.	9
Figur 4. Kart over tiltaket og området.	10
Figur 5. Nærområdet og kjente kulturminne.	11
Figur 6. Oversiktskart.....	13
Figur 7. Flyfoto.....	14
Figur 8. Strandlinekurve for Straumen i Smøla kommune etter skjema utarbeida av David N. Simpson, mars 2001 (jf. Svendsen & Mangerud 1987, Bondevik, Svendsen og Mangerud 1998).....	15
Figur 9. Jorde på gbnr. 20/29.	18
Figur 10. Jorde på gbnr. 20/29.....	19
Figur 11. Jorde på gbnr. 19/2, sett mot nordvest.....	19
Figur 12. Jorde på gbnr. 19/2, sett mot søraust.....	20
Figur 13. Del av myrområdet nord i planområdet.....	20
Figur 14. Heilt nord i planområdet, sett mot nord.....	21
Figur 15. Del av myrområdet i nord.....	21
Figur 16. Prøvestikking nord i planområdet.	22
Figur 17. Del av jorde på gbnr. 19/2, etter sjakting.	22
Figur 18. Sjøkt 1-3, sett frå venstre mot høgre. Jorde på gbnr. 19/2, etter sjakting.....	23
Figur 19. Oversikt over jorde på gbnr. 19/2, etter sjakting.	23
Figur 20. Heilt nord i planområdet, sett mot nord. Steinstrengen midt i biletet.....	24
Figur 21. Grensemarkering mellom gbnr. 19/91 og 20/1, heilt nord i planområdet.....	24
Figur 22. Bølgeblekk i skogen litt nord for sjukeheimen.....	25
Figur 23. I området nord for sjukeheimen.....	25
Figur 24. Lite tjern nord for sjukeheimen.....	26
Figur 25. Truleg spor etter torvuttak i den nordvestlege delen av planområdet.....	26
Figur 26. Jorde nord for dei kjente lokalitetane på 19/91.	27

Figur 27. Jorde nord for dei kjente lokalitetane på 19/91.....	27
Figur 28. Den austlege delen av jorde på gbnr. 19/1, rett ved brannstasjonen.	28
Figur 29. Sørvest i planområdet, sett mot nordvest.	28
Figur 30. Lita, moderne rydningsrøys nordaust i planområdet. Ca. 1 m i diameter.	29
Figur 31. Steinstreng nordvest i planområdet. Gunhild Stavnes Borøchstein står ved enden.	29
Figur 32. Steinstreng heilt nordvest i planområdet.....	30
Figur 33. Kart over alle sjaktene, med nummer.	31
Figur 34. Sjakt 2.....	32
Figur 35. Sjakt 4.....	33
Figur 36. Sjakt 8.....	34
Figur 37. Kart over prøvestikka i vest, med nummer.....	35
Figur 38. Kart over prøvestikka i aust, med nummer.....	36

Forord

Eit *kulturminne* er eit spor etter menneskeleg liv og virke i vårt fysiske miljø, som til dømes ein bygning, ein veg, eit gravminne, ein steinalderbuplass, ei kokegrop eller eit jarnvinneanlegg. Det kan også vere stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Kulturminna representerer både uerstattelige kjelder til kunnskap om fortidige samfunn, og ein ressurs for oppleving og bruk – i dag og i framtida.

Kulturminne frå forhistorisk tid og mellomalder (eldre enn 1537) er *automatisk freda* i kraft av sin høge alder, jf. kulturminnelova § 4. Frå tida før skriftlege kjelder, er dei materielle leivningane dei einaste kjeldene til å forstå menneska og det samfunnet dei levde i.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1536) kan også ha høg verdi. Særleg verdifulle kulturminne kan bli *vedtaksfreda*, jf. kulturminnelova §§ 15 og 19. Alle type kulturminne og kulturmiljø kan dessutan bli verna som omsynssonar, jf. plan- og bygningslova § 11-8.

Då berre eit fåtal av alle kulturminne er kjent, er kulturminneforvaltninga avhengig av arkeologiske registreringar for å kunne uttale seg til plan- og byggjesaker, jf. kulturminnelova §§ 8 og 9. Ved eventuelle funn av automatisk freda kulturminne, kan søkar anten forsøke å tilpasse planane slik at desse ikkje kjem i konflikt med tiltaket, eller søke om dispensasjon frå lovverket. Ved eit eventuelt dispensasjonsvedtak kan det bli stilt vilkår om arkeologisk utgraving før iverksetting av tiltaket, for slik å sikre at kunnskapen ikkje går tapt for framtidige generasjonar.

Hovudperiode	Underperiodar	14C-år (før notid)	Kalenderår
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum	10020 – 8900 b.p.	9500 – 8000 f.Kr.
	Mellommesolitikum	8900 – 7690 b.p.	8000 – 6500 f.Kr.
	Seinmesolitikum	7690 – 5230 b.p.	6500 – 4000 f.Kr.
Yngre steinalder	Tidlegneolitikum	5230 – 4700 b.p.	4000 – 3300 f.Kr.
	Mellomneolitikum A	4700 – 4100 b.p.	3300 – 2600 f.Kr.
	Mellomneolitikum B	4100 – 3800 b.p.	2600 – 2300 f.Kr.
	Seinneolitikum	3800 – 3500 b.p.	2300 – 1800 f.Kr.
Bronsealder	Eldre bronsealder	3500 – 2900 b.p.	1800 – 1100 f.Kr.
	Yngre bronsealder	2900 – 2440 b.p.	1100 – 500 f.Kr.
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 b.p.	500 f.Kr. – 0
	Eldre romartid	2010 – 1840 b.p.	0 – 200 e.Kr.
	Yngre romartid	1840 – 1680 b.p.	200 – 400 e.Kr.
	Folkevandringstid	1680 – 1500 b.p.	400 – 570 e.Kr.
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 b.p.	570 – 780 e.Kr.
	Vikingtid	1210 – 1000 b.p.	780 – 1030 e.Kr.
Mellomalder	Mellomalder		1030 – 1536 e.Kr.
Nyare tid	Nyare tid		1537 e.Kr. –

Figur 1. Kronologiske periodar.

1. Samandrag

Denne arkeologiske undersøkinga vart føreteke på Straumen i Smøla kommune og strekk seg over delar av gardsnummer 19 Øygarden og 20 Straumen, i samband med detaljreguleringsplan for Straumen tettstad.

Feltarbeidet vart utført av Gunhild Stavnes Borøchstein og Signe Marie Midtgård i perioden 15.-19. april 2024. Sakshandsamar var Carl Fredrik Wahr-Hansen Vemmestad. Rapporten vart skriven ferdig 13. mars 2025. Totalt vart det brukt 24,11 dagsverk på saka.

Av metodar vart det brukt visuell overflateregistrering, manuell prøvestikking og maskinell sjakting.

Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

2. Bakgrunn


Bakgrunnen for denne arkeologiske registreringa er at Smøla kommune ønskjer å vidareutvikle bo-, service- og næringsområde med tilhøyrande infrastruktur og friluftsområde på Straumen.

Føremålet med registreringa var å undersøke forholdet mellom planarbeidet og eventuelle automatisk freda kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova av 9. juni 1978.


2.1 Tiltaket

Smøla kommune ønskjer å tilpasse og utvide reguleringa for tettstaden Straumen på Smøla. Området er både bo- og leveområde, tenestesenter for den sørlege delen av kommunen, og helsesentrum for heile kommunen. Det er derfor ønske om å tilpasse plana til dagens forhold og vidare utvikling. Denne plana skal erstatte dagens reguleringsplan (20050004 Straumen), og legg vurderingar frå denne til grunn. Dagens plan skal mellom anna utvidast med eit rekreasjonsområde som strekk seg nordover til den møter Sørleirvikvågen.

Planområdet ligg heilt sør på øya Smøla. Det er på omtrent 604,2 daa.




Figur 2. Plankart.



Figur 3. Kart over ny plangrense (raud stipla linje), med vedtatt kommuneplan og reguleringsplanar som bakgrunn.


Fordi det er kjent ein god del funn frå steinalderen i området, og også var potensial for funn frå jarn- og mellomalderen, vart det stilt krav om arkeologisk registrering før planarbeidet kunne godkjennast.



Figur 4. Kart over tiltaket og området.

2.2 Tidlegare funn frå nærområdet

Namnet Øygarden, gardsnummer 19, kjem av Ødegaard. I 1643 er den nemnt som «Leeruig Ødegaard». Namnet Straumen, gardsnummer 20, kjem av ein smal straum mellom Smøla og ei mindre øy (Rygh 1908:462–463).



Figur 5. Nærområdet og kjente kulturminne.

Ei oversikt over freda kulturminne er å finne på www.kulturminnesok.no, eller som WMS-teneste i andre nettportalar (f.eks. www.gislink.no).

Det ligg fire automatisk freda kulturminne inne i planområdet, og fire like utanfor. Inne i planområdet ligg det fire små aktivitetsområde frå steinalderen. Dei har ID 113256; 113257; 113258 og 112259 i kulturminnedatabasen Askeladden. Nokre hundre meter vest for planområdet ligg det også to aktivitetsområde frå steinalderen, med ID 157227 og 157228.

Omtrent 170 meter nord for planområdet ligg det eit gravfelt med ID 27116, og ei enkeltliggande gravrøys med ID 37050.


Ei oversikt over gjenstandar som er innlevert til museum er tilgjengeleg på <https://www.unimus.no/portal/#/>. Ein del av desse er også kartfesta og fotografert. Det er ikkje kjent innleverte gjenstandar frå dette området.

Ei oversikt over ein del verneverdige bygningar og andre byggverk frå nyare tid er å finne i det såkalla SEFRAK-registeret. Dette er tilgjengeleg som WMS-teneste, blant anna på www.gislink.no.


Det ligg tre SEFRAK-registrerte bygningar inne i planområdet. Dette er ein einebustad på gbnr. 20/17 (ID 1573-0004-031), ein fritidsbustad på gbnr. 19/2 (ID 1573-0004-003), og ein ruin etter ei landbruksbygning på gbnr. 19/2 (1573-0004-004).

3. Området

Planområdet ligg heilt sør på øya Smøla i Smøla kommune, og er på omtrent 604,2 daa. Østsideveien går midt gjennom planområdet frå vest mot aust. Store delar av den sørlege delen av planområdet er utbygd og består av busetnad og service- og næringsområde, samt noko dyrka mark. Den nordlege delen av planområdet er stort sett myr og ein del skog, inkludert ein god del planta skog. Heile området er nokså flatt, med små bergknausar innimellom myrdraga.




Figur 6. Oversiktskart.



Figur 7. Flyfoto.

Som følge av havstigning (transgresjon) og landheving (regresjon) har havnivået endra seg gjennom hele førhistoria. Då isen byrja å smelte etter siste istid steig havet relativt raskt, men samtidig byrja også landet å heve seg på grunn av mindre trykk frå isen. Resultatet vart ein påfølgande regresjon. I Møre og Romsdal ligg dei førhistoriske strandlinene derfor generelt høgare enn dagens havnivå, men utviklinga er forskjellig frå område til område.

David Simpson ved Bergen museum har utarbeida eit program som gjer det mogleg å skrive ut lokale strandforskyvingsdiagram. Kurvane er basert på arbeid av Stein Bondevik, John Inge Svendsen og Jan Mangerud frå 1998. Om en går ut i frå at fangstfolk i steinalderen busette seg nær sjøen, kan lokale strandlinekurver både nyttast til å vurdere funnpotensial i eit område og til å datere eventuelle funn.



Figur 8. Strandlinekurve for Straumen i Smøla kommune etter skjema utarbeida av David N. Simpson, mars 2001 (jf. Svendsen & Mangerud 1987, Bondevik, Svendsen og Mangerud 1998).

4. Strategi og metode

Strategi og metode vart valt ut frå terreng, arealbruk og vegetasjon i området.

Delar av planområdet vart arkeologisk registrert i 2002, og det var derfor ikkje nødvendig å undersøke heile området no. Det vart lagt nokre sjakter på jorda på gbnr. 19/2 og 20/29, og satt prøvestikk på dei flatene som hadde ei slik høgd over havet at dei hadde potensial for steinalderfunn. I tillegg vart heile den nordlege delen av planområdet gått over for å sjå etter gravrøyser eller andre kulturminne som er synlege på markoverflata.

4.1 Visuell overflateregistrering

Metoden inneber at markoverflata blir registrert for å påvise funn av tufter, gravminne, dyrkingsspor osv. Grunnen blir sondert ved hjelp av sonderingsbor, ei ca. 1 meter lang metallstong der det er frest ut eit spor som gjer det mogleg å ta ut ein profil av grunnen der ein stikk. Ved moglege funn blir det gjerne opna ei sjakt eller eit prøvestikk for å påvise eldstader, golvnivå, dyrkingslag el. l., avgrense kulturminna, og eventuelt ta ut kolprøver for datering.

4.2 Maskinell sjakting

Metoden inneber at ein nyttar gravemaskin med flatt graveskjær/pusseskjær til forsiktig å skrape av det øvste matjordslaget. Spor etter blant anna eldstader og stolpehol etter hus er ofte synlege i den sterile grunnen under. Sjaktene har ei breidde på om lag 3 meter. Ved undersøking av større område blir sjaktene lagt parallelt, med innbyrdes avstand på om lag 10–15 meter.

4.3 Manuell prøvestikking

Metoden inneber at ein bruker spade og fjernar torva i eit om lag 40 x 40 cm stort område. Massane blir grave opp mekanisk, bømte for bømte, og sålda i såld med 4 mm maskevidde. Såldinga fjernar jord, sand o. l. og gjer det mogleg å påvise steinreiskapar som økser og pilspissar, eller avfall frå tilverking av slike, som t. d. flintavslag. Uttaksstaden for kvart bømteleg blir markert i profilen for kvart bømteleg, for eventuelt å kunne relatere

funn til riktig jordlag. Både positive og negative prøvestikk blir kartfesta, for slik å kunne avgrense eventuelle lokalitetar.

5. Undersøkinga

Registreringsarbeidet vart utført av Gunhild Stavnes Borøchstein og Signe Marie Midtgård i perioden 15.-19. april 2024, og utgjorde totalt 11,5 dagsverk. Maskinførar var Oddbjørn Moe frå Moe Maskin og Transport AS, som stilte med ei ni tonns gravemaskin med ei ca. 120 cm brei pusseskuff.

Vêret var fint, med ca. 4-8 grader, sol og noko vind. Innimellom var det litt overskyda. Vêret hadde inga innverknad på undersøkinga.



Figur 9. Jorde på gbnr. 20/29.



Figur 10. Jorde på gbnr. 20/29.



Figur 11. Jorde på gbnr. 19/2, sett mot nordvest.



Figur 12. Jorde på gbnr. 19/2, sett mot søraust.



Figur 13. Del av myrområdet nord i planområdet.



Figur 14. Heilt nord i planområdet, sett mot nord.



Figur 15. Del av myrområdet i nord.



Figur 16. Prøvestikking nord i planområdet.



Figur 17. Del av jorde på gbnr. 19/2, etter sjakting.



Figur 18. Sjøkt 1-3, sett fra venstre mot høyre. Jorde på gbnr. 19/2, etter sjakting.



Figur 19. Oversikt over jorde på gbnr. 19/2, etter sjakting.



Figur 20. Heilt nord i planområdet, sett mot nord. Steinstrengen midt i bildet.



Figur 21. Grensemarkering mellom gbnr. 19/91 og 20/1, heilt nord i planområdet.



Figur 22. Bølgeblekk i skogen litt nord for sjukeheimen.



Figur 23. I området nord for sjukeheimen.



Figur 24. Lite tjern nord for sjukeheimen.



Figur 25. Truleg spor etter torvuttak i den nordvestlege delen av planområdet.



Figur 26. Jorde nord for dei kjente lokalitetane på 19/91.



Figur 27. Jorde nord for dei kjente lokalitetane på 19/91.



Figur 28. Den austlege delen av jorde på gbnr. 19/1, rett ved brannstasjonen.



Figur 29. Sørvest i planområdet, sett mot nordvest.

5.1 Synlege strukturar


Det vart ikkje påvist synlege kulturminne som er automatisk freda, men det vart observert ein steinstreng og ei lita rydningsrøys som er vurdert til å vere frå nyare tid.



Figur 30. Lita, moderne rydningsrøys nordaust i planområdet. Ca. 1 m i diameter.




Figur 31. Steinstreng nordvest i planområdet. Gunhild Stavnes Borøchstein står ved enden.



Figur 32. Steinstreng heilt nordvest i planområdet.

5.2 Sjakter

Det vart totalt opna åtte sjakter innanfor planområdet. Alle var negative. Under følgjer ei skildring av eit representativt utval av sjaktene.



Figur 33. Kart over alle sjaktene, med nummer.

Sjakt 2



Figur 34. Sjakt 2.

Sjakta var *negativ*, og det vart verken funne strukturar eller funn som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Lengde:	19 m	Breidde: 3,5 m Djupne: 25–30 cm	Retning:	NV-SA
Lag nr.	Tjuknad	Skildring	Prøve	Kommentar
1	25 cm	Gras og matjord		
2		Fin, brun sand og grus med litt stein		Veldig vått i vest

Sjakt 4



Figur 35. Sjakt 4.

Sjakta var *negativ*, og det vart verken funne strukturar eller funn som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Lengde:	30 m	Breidde: 3,5 m Djupne: 30 cm	Retning:	N-S
Lag nr.	Tjuknad	Skildring	Prøve	Kommentar
1	20 cm	Gras og noko myraktig matjord		
2		I søre tredel brun sand og grus med litt småstein. I nordre to tredelar fin, lysegrå, skjellhaldig sand med litt småstein		

Sjakt 8




Figur 36. Sjakt 8.

Sjakta var *negativ*, og det vart verken funne strukturar eller funn som er tolka som automatisk freda kulturminne.


Lengde:	22 m	Breidde: 4 m Djupne: 25 cm	Retning:	NV-SA
Lag nr.	Tjuknad	Skildring	Prøve	Kommentar
1	25 cm	Gras og mørkebrun matjord		
2		Brun sand med noko stein		

5.3 Prøvestikk

Det vart totalt opna 16 prøvestikk innanfor planområdet. Alle var negative. Under følgjer ei skildring av eit representativt utval av prøvestikka.



Figur 37. Kart over prøvestikka i vest, med nummer.



Figur 38. Kart over prøvestikka i aust, med nummer.

Prøvestikk GSB1

Prøvestikket var *negativt*, og det vart ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Lengde:	40 cm	Breidde: 40 cm	Djupne: 37 cm	
Lag nr.	Tjuknad	Skildring		Kommentar
1	9 cm	Torv		
2	7 cm	Grå jordtorv/skogsjord		
3	14 cm	Mørkegrå grus og organisk materiale, sand og råte berg/stein		
4	5 cm	Fin sil/leire		Stikket stoppa pga. stein

Prøvestikk GSB2

Prøvestikket var *negativt*, og det vart ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Lengde:	40 cm	Breidde: 40 cm	Djupne: 22 cm	
Lag nr.	Tjuknad	Skildring		Kommentar
1	10 cm	Torv		
2	12 cm	Myrjord		
3		Råte berg		

Prøvestikk GSB9

Prøvestikket var *negativt*, og det vart ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Lengde:	40 cm	Breidde: 40 cm	Djupne: 56 cm	
----------------	--------------	-----------------------	----------------------	--

Lag nr.	Tjuknad	Skildring		Kommentar
1	21 cm	Mørkebrun torvjord, litt meir stein og grus mot botnen		
2	36 cm	Mørkebrun sand med stein av ulik storleik, neve- til grus.		Stikket stoppa pga. stein i sidene som gjer det vanskeleg å grave. Fortset ca. 15 cm djupare ned med sand

Prøvestikk SMM4

Prøvestikket var *negativt*, og det vart ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Lengde:	40 cm	Breidde: 40 cm	Djupne: 37 cm	
Lag nr.	Tjuknad	Skildring		Kommentar
1	30 cm	Gras og matjord av oppdyrka myrjord		
2	7 cm	Noko omrota klumpar med leire og grus, mogleg forvittra berg		

5.4 Dokumentasjon

Sjakter og prøvestikk ble fotografert og kartfesta. Det vart brukt eit Samsung Galaxy XCover Pro kamera, og tatt 165 bilete. Dei er sortert, merka og arkivert ved bruk av Fotostation (sjå vedlegg 1).

Kartfestinga vart gjort av Signe Marie Midtgård, ved bruk av CPOS og applikasjonen FieldMaps. Kartfestingane er omarbeidd ved hjelp av ArcGIS Pro.

6. Resultat og konklusjon

Heile den nordlege delen av området samt to jorde i sør er registrert jf. kulturminnelova § 9. Resten av planområdet vart registrert i 2002.

Av metodar vart det både nytta visuell overflateregistrering, maskinell sjakting og manuell prøvestikking.

Undersøkinga resulterte ikkje i funn av nye automatisk freda kulturminne.

Området er svært prega av djup myr, og både prøvestikk og stikk med jordbor tyder på at undergrunnen ikkje har vore god å slå seg ned på. Dei einaste stadene det har vore fine, naturlege viker med god grunn, er dei der det vart funne lokalitetar i 2002. Det er derfor truleg at dei lokalitetane som har vore i dette området, allereie er funne.

7. Litteraturliste

Bondevik, S., J. I. Svendsen & J. Mangerud 1998: Distinction between the Storegga tsunami and the Holocene marine Transgression in the coastal basin deposits of western Norway, *Journal of Quaternary Science*, 13(6): 529–537.

GISLink karttjeneste: <http://www.gislink.no/gislink/index.jsp>

Helskog, K., S. Indrelid & E. Mikkelsen 1976: Morforlogisk klassifisering av slåtte steinartefakter. *Universitetets Oldsaksamling Årbok 1972 – 74*, Oslo.

Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden: <http://askeladden.ra.no>

Simpson, D. N. 2001: Excel spreadsheet prepared March 2001

Svendsen, J. I & J. Mangerud 1987: Late Weichselian and Holocene sea-level history for a cross-section of Western Norway, *Journal of Quaternary Science*, 2:113–132.

Tilvekst: *Tilveksten til arkeologisk avdeling, Vitenskapsmuseet. Elektronisk versjon.* I åra 1871–1981 har dei årlege tilvekstskildringane til den arkeologiske samlinga på Vitenskapsmuseet blitt utgitt i trykt form i forskjellige tidsskrift, henholdsvis årsberetningane til "Foreningen til norske fortidsmindesmerkers Bevaring", "Det kgl. norske videnskabers selskabs Skrifter" samt årbøker og årsberetningar til "Det kongelige norske videnskabers Selskab". Tekstdelen av tilvekstkatalogane frå 1871–1981 har, som ein del av Dokumentasjonsprosjektet og Museumsprosjektet, blitt konvertert til elektronisk form.

Universitetsmuseenes arkeologiske gjenstandsamlingar:

<http://www.unimus.no/portal/#/>

8. Vedlegg

1. Fotoliste

	Straumen tettstad 001.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: I den utbygde delen av planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 002.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Industriområde i den utbygde delen av planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 003.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Industriområde i den utbygde delen av planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 004.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Ein av dei tidlegare registrerte lokalitetane. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 005.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Ein av dei tidlegare registrerte lokalitetane. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 006.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 20/29. Sett mot søraust. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 007.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 20/29. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 008.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 20/29. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 009.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 20/29. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 010.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 20/29. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 011.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Del av jorde på gbnr. 20/29. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:

	Straumen tettstad 012.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Lite jorde på gbnr. 19/70. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 013.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot vest. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 014.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot nordvest. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 015.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot nordvest. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 016.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot vest. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 017.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot vest. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 018.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot vest. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 019.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot søraust. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 020.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot vest. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 021.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot nordvest. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 022.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:

	Straumen tettstad 023.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot nordaust. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 024.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 025.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 026.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot søraust. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 027.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Jorde på gbnr. 19/2, sett mot sørvest. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 028.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Utsikt frå jorde på 19/2, mot nordvest. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 029.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Del av den utbygde delen av planområdet, sett mot søraust. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 030.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Del av myrområdet nord i planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 031.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Del av myrområdet nord i planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 032.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Del av myrområdet nord i planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 033.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Skog nord i planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:

	Straumen tettstad 034.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Heilt nord i planområdet, sett mot nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 035.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Nord i planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 036.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Dam i myra, mogleg spor etter torvuttak. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 037.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Del av myrområdet nord i planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Straumen tettstad 038.jpg Dato: 15.04.2024 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 20 Kommune: Smøla	Beskrivelse: Del av myrområdet nord i planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
